



God vindusdekorasjon skal gjera kundane nysgjerrige og få dei inn i butikken.

I går skreiv vi om Gro`s Blomster som bugnar over med juleblomar, dekorasjon og pynteting ute og inne. Det same må vi sei om Julebua til Inger Lise Eidsvik. Med 30 års drift i same lokale har Inger Lise god erfaring med å laga julestemning. Ho har alltid likt å pynta og ho legg særleg vekt på rett vindusdekorasjon.



[Den tradisjonelle juleduken med julemotiv finn du på Julebua i Uskedalen.](#)

Krambua eller Julebua, som ho kallar butikken sin på denne tid, sel brukt og nytt. Mange kjøper faktisk brukte gjenstandar i julegåver. Ho har faste kundar frå bygda og frå heile Sunnhordland. Til jul handlar ho inn og sel nissar, englar, dukar og andre pynteting. Av mat sel ho pølse og heimelagde lefser. Snop i lausvekt høyrer med til ei krambu.





[Brukt og nytt er slagordet. Her heng barnebunaden klar til bruk.](#)

Juledekorasjonen i vindaugo skal skapa nysgjerrighet og få kundane inn i butikken. Dette er eit viktig poeng for Inger Lise. Difor brukar ho ofte eldre julepynt med bomull, nissar, lys og englar, noko mange kjenner frå barndomen.

Julebua til Inger Lise Eidsvik er open kvar dag i veka, ikkje sundag. Det er sjeldan ho kjem seg på heim før etter kl. 18. Opningstida er feksibel. Kundane kjem på døra når det er lys. Då er butikken open.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er ikkje mykje ledig hylle- og golvplass i Julebua til Inger Lise Eidsvik.